



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Kviteseid Sokneråd**

## **REFERAT frå Kviteseid Sokneråd**

Onsdag 20. januar 2021, kl.18.00

Stad: Kommunehuset

### **Innkalla:**

Marit Gotuholt (leiar), Marit Sørby (nestleiar), Sigrun Garvik Moen (sekr.), Dagfinn Køhn, Unni Snaunes, Toralf Grave, Gudrun Nordbø Venås og Vidar Syrtveit Mikalsen. Møyfrid Lunde (sokneprest), Bjørn Nordskog (kommunerepresentant og ordførar). Vigdis Helen Bruhaug (1. vara), Kristen Salmelid, kyrkjeverje.

Gudrun Nordbø Venås deltok via Zoom. Toralf Grave meldte forfall like før møtet.

Ord for dagen: Møyfrid Lunde

Smittevernsgjennomtenkt gode muffins ved Marit Sørby

Oversikt over saker:

<b>SR-sak 01.21 FR</b>	<b>Innkalling og saksliste</b>
<b>SR-sak 02.21 FR</b>	<b>Post og meldingar</b>
<b>SR-sak 03.21 FR</b>	<b>Driftsbudsjett 2021 (med førebels rekneskap 2020)</b>
<b>SR-sak 04.21 FR</b>	<b>Investeringsbudsjett 2021 (med førebels rekneskap 2020)</b>
<b>SR-sak 05.21 FR</b>	<b>Lønsjustering for kyrkjeverja</b>
<b>SR-sak 06.21 SR</b>	<b>Årssamtale med prost</b>
<b>SR-sak 07.21 SR</b>	<b>Dato for soknemøtet (årsmøte)</b>
<b>SR-sak 08.21 SR</b>	<b>Komité og stad for konfirmantfest</b>
<b>SR-sak 09.21 SR</b>	<b>Årsmelding frå prostidiakonen</b>
<b>SR-sak 10.21 SR</b>	<b>Eventuelt: Tid for konfirmasjon 2021</b>

<b>SR-sak 01.21 FR</b>	<b>Innkalling og saksliste</b>	<b>MG</b>
<p>Innkallinga til dette møtet vart sendt ut på e-post onsdag 13. januar til alle medlemmer og varamedlemmer i Kviteseid sokneråd (samt revisor og prost til orientering).</p> <p>Merknader til innkalling eller saksliste?</p> <p><b>Forslag til VEDTAK:</b> Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.</p>		

**1. Gjennomførte arrangement**

## Konsertar

- a. Hornmusikken 4. desember, med syng med-konsert: Her fikk vi synge med på 8 ulike julesanger, i tillegg til at korpset fremførte 4 solonumre. Det var 57 personer til stede i kirka, av de var omkring halvparten publikum. Youtube rapporterte 67 unike seere i perioden konserten lå ute.
- b. Barnekormusikalen 13. desember: 69 personer i kirka, vel halvparten publikum. Konserten ble innledet med 2 fellessanger, før musikalen ble fremført med totalt 11 sanger. Youtube rapporterte 145 unike seere på den 40 min lange sendingen.
- c. Klassisk konsert med Ingrid Elise med venner 18. desember: 45 tilstede i kirka, av disse 37 betalende tilskuere. Her fikk vi oppleve et 75 minutters program av høy musikalsk kvalitet. Dessverre ble det et 5 minutters avbrudd på sendingen på grunn av problemer med forbindelsen til youtube. Youtube rapporterer 28 unike seere, av disse 4 betalende.

## Anna

- 18. nov. – institusjonsandaktar KOS og Midtsundtoppen
- 22. nov. – diakonisamling i Vinje med årsmøte for diakoniet
- 28. nov. kyrkjelydsbasar (sjå eige pkt.)
- 29. nov. – 5-årssamling i gapahuk ved Straumnes skule etter gudstenesta i Vrådal
- 1. des. – møte i kyrkjelydsutvalet for Kviteseid – oppgåver for våren
- 3. des. – sorggruppe
- 15. des. – jolevandring – Kviteseid barnehage i Kviteseid kyrkje
- 15. des. – Gudstenesteutvalet - møte med offerfordeling for våren
- 17. des. – jolevandring – Straumsnes barnehage i Vrådal kyrkje
- 18. des. – skulegudsteneste – Brunkeberg oppvekstsenter – Brunkeberg kyrkje
- 23. des.– institusjonsandakt KOS og Midtsundtoppen
- 5. jan.21– Møte i kyrkjelydsutvalet for Brunkeberg – oppgåver for våren
- 6. jan. - AU for dette møtet
- 14. jan. - Møte i trusopplæringsutvalet

**2. Planlagde arrangement**

- 26. jan. – møte i gudstenesteutvalet
- 27. jan. – føremiddagstreff - med atterhald AVLYST
- 28. jan. – sorggruppe
- 28. jan. – foreldrekveld med konfirmantane
- 30. og 31. januar – Tårnagenthelg i Brunkeberg 3.-4.-klassingar  
Gudstenesta 31.1. vert UTE, utanfor kyrkja i Brunkeberg
- 3. februar og 3. mars - institusjonsandaktar KOS og Midtsundtoppen
- 5. febr.– redaksjonsmøte for kyrkjebladet som kjem ut før påske.
- 11. febr. – konfirmantundervisning
- 18. febr. – møte i diakoniutvalet
- 21. eller 26. februar + 28. februar - dåpsgudstenester
- 22.-24. februar – bu-heime-leir med konfirmantane (i staden for sommarleir juni -20 på Gjennestad, og i staden for planlagd leir i vinterferien. Leiren blir delvis kombinert med digital undervisning frå Ønsket og Elsket-medarbeidarar i prostiet.)

**3. Rapport smitteverntid (18.11.20-13.01.21) Om smittevernreglar, gudstenestelivet,****4. kyrkjelege handlingar, konfirmantarbeidet, trusopplæring, diakoni, misjon og kontoret.**

*Rapporten ligg ved som eige dokument*

5. **Rundskriv** om Forvaltning av kyrkje, gravplass og “kirkens omgivelser” (..) Dette er nye forskrifter som fylgje av at Kyrkjelova ved nyttår gjekk ut og vart erstatta av ny ‘Lov om Truodomsamfunn og ymist anna’ *Den ligg vedlagt til orientering.*
6. **Høyring** om NY strategiplan for KA: Marit Gotuholt og kyrkjevevja var med på fyrste del av arbeidet med ny strategiplan under Regionalt kontaktmøte for KA i Kristiansand 27.10. Dagfinn Køhn har lese gjennom høyringsutkastet og ikkje funne noko å tilføra eller endre på. Vi lenar oss ellers til det andre gjer, som til dømes Norges kirkevergelag (NKVL). *Ligg vedlagt til orientering*
7. **Muslimsk gravfelt i Kviteseid er godkjent**, men nye koordinatar må sendast til fylket. Det vil bli gjort snarast mogleg.
8. **Vernerunde er gjennomført 19.nov.** på 4 av kyrkjene og kyrkjegardane våre (Kviteseid, Brunkeberg, Vrådal og Fjågesund). To av fagpersonane ute, soknepresten og kyrkjevevja var med på runden. Oppsummering frå runden vart lagt fram på møte 25.nov. mellom kyrkjevevja, prosten og prestanes verneombod. *Heile rapporten ligg ved, men er berre laga til internt bruk.*
9. **Kyrkjelydsbasaren** vart annleis i år. Det vart selt mykje lodd på førehand, mellom anna på to laurdagar utanfor Kiwi, salsmesse i Kviteseidbyen med eigen bod fredag 27.11 og digital jolebasar på Facebook laurdag 28.11. Brutto resultat var like over kr 50.000. Dei siste åra har resultatet vore mellom 42.000 og 55.000. Facebook viser at 950 personar vart nådd av sendinga og at om lag 100 var engasjert.
10. **Staben** med fylgje og pensjonerte kollegaer hadde jolefest med spleiselag på Misjonshuset 4.12. Denne festen har i mange år vore heime hos fam. Køhn.
11. **Speidaren i Kviteseid** har søkt om ein stønad på kr 5000 for 2021. Det er innarbeidd i budsjettet for trusopplæring.
12. **Eltilsynet** til 4 av kyrkjene 18. og 19. januar
13. **Årsavslutning og revisjon**

Departementet har fastsett ny *Økonomiforskrift for sokn i Den norske kirke*. Forskrifta erstattar *Forskrift om økonomiforvaltningen for kirkelige fellesråd og menighetsråd i Den norske kirke* frå 2003. Ny forskrift er i hovudsak ei teknisk og redaksjonell oppdatering. For regnskapsåret 2020 gjeld berre fristane i den nye forskrifta, dvs. at rekneskap og årsrapport skal følgje tidlegare forskrift, mens rapportering mv. skal skje innan dei litt romslegare fristane i den nye forskrifta:

**§ 17. Årsavslutningen, regnskapsfrister og behandlingen av årsregnskap**

*(1) Regnskapet skal være framlagt innen 22. februar i året etter regnskapsåret. Årsregnskapet og årsberetningen fastsettes av soknets organer og undertegnes av valgt leder og daglig leder der det finnes, innen 20. mars. Revisor skal for hvert regnskapsår avgi revisjonsberetning innen 30. april.*

Revisor opplyser: «Som dere ser av forskriften er det ingen endring i rekkefølgen på vedtatt årsregnskap og fristen for revisjon. Fristene har blitt litt lengre, men ellers ikke endra. Årsregnskap og årsmelding vil normalt måtte bli fastsatt før vi rekker å revidere regnskapet. Vi må prioritere revisjon av kommunene før vi kan revidere fellesråd og menighetsråd.»  
3. mars held difor godt for soknerådet å vedta rekneskapen og årsmeldinga (årsberetning).

Lagt til under møtet:

14. **Arbeidsmiljøundersøking** er gjennomført blant kyrkjeleg tilsette med tanke på LHBT+ identitet. Rapport er motteke og ligg ved referatet. 5300 fekk anledning og 1800 svara (34 %). Av desse var det 120 som identifiserte seg som tilhøyrande LHBT-gruppene (2,2 %). Tilbakemeldinga er generelt positiv med trivsel, følelse av støtte og tilhøyr. Men det finst nyansar og unntak som trakassering og diskriminering. Dette er det viktig å ha fokus på, både blant tilsette og frivillige i kyrkja.
15. **Ny handbok for sokneråd** (og fellesråd) er tilgjengeleg på ka.no. Oppdateringa er grunna ny lovgjeving og forskrifter frå 1.1.2021.

16. **Gudstenesteutvalet** har hatt møte 15.12. og laga offerplan for vår og sommar 2021
17. **Komité for Gapahuk** har levert sitt fyrste utkast til **trusopplæringsutvalet sitt møte 14.1.21**. Komitèen sitt fyrste utkast leggjast ved referatet her.
18. **Riksantikvaren** delar kvart år ut pengar til restaurering av kyrkjekunst. Søknadsfrist i januar. Vi har nok prosjekt for i år, men kan tenkje på det for seinare for t.d. takmaleri i Brunkeberg og ymse i gamlekyrkja.
19. **To misjonsavtaler er no underteikna** med hhv Normisjon og Misjonsambandet.
20. **Biskopen** har etter søknad frå oss vedteke at vi kan setja opp to spotlight-ar i Kviteseid kyrkje (for ei tid sidan) og nå og to små høgtalarar i koret vendt mot prest og klokkar. Monitorskjerm som speglar det som blir vist på lerretet, vil dei ha ein runde til på, med syning i kyrkja.

**SR-sak 03.21 FR**

**Driftsbudsjett 2021 (med førebels rekneskap 2020)**

**KS**

AU handsama denne saka 6.januar 2021

**A: Først litt om førebels driftsrekneskap (pr 15.12.20)** Sjå lys grøn kolonne i vedlegget *Forslag DRIFTS-budsjett 2021*.

Det gjev ein peikepinn på forholda.

**Samla viser driftsrapporten eit overskot (mindreforbruk) på kr 277.000.**

Men her kjem sjølvstakt ein god del meir på 2020 før årsrekneskapen kan avsluttast.

Kr. 200.000 frå KNIF er etter klarering med revisor, overført til investeringsrekneskapet.

Avdelingsvis er resultatata slik

(med budsjett-tala i parentes: + er overskot og – er underskot. 1000 blir ført som 1’):

**110 Kyrkjeleg administrasjon** har eit lite underskot på kr 6’ (+16’).

**111 Kyrkjer** har eit overskot på kr 245’ (+36’).

**112 Kyrkjegardar** har eit underskot på kr 20’ (+47’).

**113 Andre kyrkjelege føremål** har eit overskot på kr 48’ (-146’).

**B: Budsjettforslaget for 2021** byggjer på budsjett og rekneskap 2019 og 2020.

Kommunen vedtok på sitt møte 17.12. å gje kyrkja (Kviteseid sokn) ein auke i tilskotet på kr 50.000. Soknerådet sitt vedtak i sommar, og rådmannen si innstilling, var ein auke på kr 165.000. Dette valde posisjonen å kutte. Det vart redusert med kr 115.000.

**Samla utbetaling av driftstilskot frå kommunen, vert i 2021 kr 3.440.000.**

Fordelinga mellom avdelingane ser de i budsjettet.

Nå er ikkje lønsoppgjeret i kyrkja ferdig i skrivande stund, men vi antar at det vil kome ein auke der. Vi har budsjettert med +2,5 % på løn. (kommunen har lagt inn 2,7 %)

To faktorar gjer at vi kan komme greitt ut med budsjettet utan den ynskte auken, utan å gå til reduksjon av fast tilsette, og trass i at lønskostnadane utgjer nesten 57 % av heile drifta:

1. Samla stillingsstorleik gjekk frå aug. 2020 ned frå 3,85 årsverk til 3,7 årsverk. (trusoppl./sekr. Frå 65 % til 50 %) Økonomisk fekk dette noko utteljing i 2020 (5/12), men fullt i 2021.
2. Sommar drifta må reduserast noko. Her er det budsjettert med ein liten nedgang.

Samla gjer desse to faktorene at lønskostnadane for 2021 vert på om lag same nivå som i 2020.

Så er det arbeidd mykje med å finjustere driftskostnadane og redusere der vi kan. Det er gjort fleire mindre endringar i forhold til budsjettforslaget som var lagt fram i sommar. Mellom anna

må vi nå betala for revisjon (frå 2020, men då fekk vi det dekt av kommunen). Dette er årsaka til auken i tilskot på kr 50.000 samanlikna med 2020-tilskotet.

Kyrkjevevja orienterte og om ei ekstra tilbakeføring frå KLP til kundane. Dette skuldast endring i reglane for tenestepensjon. Førebels anslag til oss er kr 329.000 . Dette vert ikkje utbetala, og kan berre nyttast til betaling av framtidige premiar. Prognosen for vår samla premiesum i 2021 er kr 297.000. AU rår til at det vi har til gode berre nyttast viss/når det vert vanskeleg å koma i balanse med framtidige rekneskap.

Tenesteytingsavtala er endra med verknad frå 2021 frå 148' til 347', men det beløpet går både inn og ut, og er for oss berre ei rekneskapsteknisk sak, så lenge vi vel å ta godane ut i tenester i staden for tilskot for å kjøpe tenestene hos andre.

**Samla driftsbudsjett balansera med dette med kr. 5.081.000 på både inntekter og utgifter.**

**Vedlegg:** DRIFTS-budsjett 2021 detaljert -Forslag

#### **VEDTAK i AU:**

Arbeidsutvalet tek førebels driftsrapport for 4. kvartal 2020 til orientering.

AU takkar kommunen for auken i driftstilskot for 2021 med kr 50.000 frå 2020.

AU vidaresender eit omarbeidd forslag til driftsbudsjett for 2021, og rår soknerådet til å vedtaka det.

#### **Forslag til VEDTAK i SR:**

Soknerådet tek førebels driftsrapport for 4. kvartal 2020 til orientering.

Soknerådet takkar kommunen for auken i driftstilskot for 2021 med kr 50.000 til eit samla utbetalt tilskot på kr 3.440.000

Soknerådet vedtek det framlagde driftsbudsjettet for 2021 i balanse med kr 5.081.000

#### **VEDTAK i SR:**

Som føreslege.

<b>SR-sak 04.21 FR</b>	<b>Investeringsbudsjett 2021 (med førebels rekneskap 2020)</b>	<b>KS</b>
------------------------	--	-----------

AU handsama denne saka 6.januar 2021

**A: Først litt om førebels investeringsrekneskap pr. 15.12.20.** (Sjå lys grøn kolonne i vedlegget *Forslag INVESTERINGS-budsjett 2021.*)

- 20-1 (prosjekt 278) kosta kr 4.705 meir enn budsjettert (+4,5 %)
- 20-3 (272) kosta 45.454 meir enn revidert budsjett (+ 4,7 %). Budsjettet vart i juni auka med kr 100.000.
- 19-1 (269) var prosjekt for 2019 som skulle vore fakturert på slutten av same året, men vart fakturert, rekneskapsført og betalt fyrst på våren 2020. Det vart då ikkje hugsa på vidare utover i året, mellom anna då investeringsbudsjettet vart orientert om og revidert litt i september. Det var ikkje budsjettert med denne kostnad på kr 311.445 i 2020.
- 19-4 (268) vert difor rekneskapsmessig litt av redninga, då ingen blyglas i Kviteseid vart skifta i 2020 og nær kr 190.000 vart unytta til dette.
- 19-5 (270) har i 2020 kosta kr 89.399 mindre enn budsjettert
- 18-2 (273) kosta kr 94.164 meir enn budsjettert. Grunnen er hovudsakeleg at det vart bestemt å skifta takflis på alle 4 sidene, medan det var tenkt og budsjettert med berre 3 sider.

- Det er 'kjøpt' aksjar i KLP for kr 8.707, noko mindre enn vanleg og budsjettert.

Desse prosjekta er finansiert med

1. Kr 1.000.000 i tilskot frå kommunen
2. 420.000 i refusjon frå riksantikvaren
3. 422.001 i momsrefusjon (dette er ei utfordring for likviditeten då momsoppgjeret og refusjonen kjem fleire månader ut i neste år, medan utgiftene er fortløpande. Kyrkjevevja har bede rekneskapskontoret endra til terminvise/kvartalsvise oppgjer frå 2021)
4. Kyrkjevevja har spurt revisor via rekneskapskontoret om premieringa frå KNIF på kr 200.000 kan førast i investeringsrekneskapan. Dette er 'belønning' for sikringstiltak gjort på kyrkjene dei siste åra, alle finansiert med investeringsmidlar. Dette er klarert og bringar difor rekneskapan nærmare balanse.
5. Kr 46.218 var meirforbruket i 2019, som vart dekt av disposisjonsfondet.
6. SAMLA viser den uferdige rekneskapan pr 15.12. kr 32.375 i **mindre**forbruk.

**B: Forslag til investeringsbudsjett for 2021** byggjer på økonomiplanen og Kviteseid kommune sitt vedtak om investeringstilskot for 2021 på kr 1,0 mill.

Arbeidsutvalet er glad for at kommunen held fram med å løyve dette beløpet slik at Kviteseid sokn kan halde fram med å oppgradere kyrkjene og fylgje opp større vedlikehaldsoppgåver. Dette er med på å halda kyrkjene våre i stand for vår generasjon og generasjonane etter oss. Kyrkjene er ein viktig del av kulturarven i vår kommune og ein viktig reiskap i kyrkja sitt arbeid.

Soknerådet har sommar og haust 2020 vedteke eit forslag til investeringar for 2021, basert på tilskot frå kommunen, og tilsegn frå riksantikvaren om eit betydeleg tilskot til eit prosjekt i Brunkeberg kyrkje.

Dei to fyrste prosjekta er uendra med hhv 1,5 mill. og 150.000. Her er kyrkjekontoret i dialog med fagfolka for hhv oppstart og ferdigstilling.

Her er endringar gjort etter forslaget som vart vedteke i sommar:

- Tilbod på brannvarsling og oppgradering av lynvernanlegget i Fjågesund kyrkje vart betydeleg dyrare enn forventa. AU tilrår at begge delar blir gjort samtidig.
- Arbeidet med å renovere blyglasa i Kviteseid kyrkje held fram med NY leverandør. Der har vi ikkje fått tilbod ennå, men har justert opp summen noko. Grunna punktet over her, blir vidareføring av dette prosjektet flytta til 2022.
- Kr 32.000 er bruka av disposisjonsfondet for å dekkje meirforbruket i 2020, og posten for uføresette utgifter endar då opp med kr 38.000. Det har vist seg å vera viktig å

ha ein slik buffer, så den kunne gjerne vore betydeleg større. Mykje uventa kan dukke opp i arbeidet med gamle kyrkjer, og nokre prosjekt kan ha større feilmargar sjølv om ein har freista å ta høgde for dette.

Desse prosjekta blir i hovudsak finansiert med tilskot frå kommunen og riksantikvaren, og momsrefusjon

Planen dei neste 4 år var ikkje arbeidd ferdig før AU-møtet. Den er no klar og blir lagt fram for SR.

**Vedlegg:** *Forslag INVESTERINGS-budsjett 2021*

**VEDTAK i AU:**

Arbeidsutvalet tek førebels rekneskapsrapport for investeringane til orientering.  
 AU drøfta og endra litt på forslaget til investeringsbudsjett for 2021 og rår soknerådet til å vedtaka det.

**Forslag til VEDTAK i SR:**

Soknerådet tek førebels rekneskapsrapport for investeringane til orientering.  
 Soknerådet vedtek det framlagde investeringsbudsjettet for 2021 og investeringsplanen for 2022-2025

**VEDTAK i SR:**

Som føreslege.

**SR-sak 05.21 FR****Lønsjustering for kyrkjevevja**

MG

AU handsama denne saka 6.januar 2020

Ein eventuell auke i løn for kyrkjevevja, må vedtakast særskilt for kvart år. Kyrkjevevja har fremja eit 'krav/ynskje' til leiar Marit Gotuholt. Leiar valde vidare framgangsmåte.

Dei siste åra har ny løn vore gjeldande frå 1. mai.

Leiar og kyrkjevevje hadde eit leiarmøte og snakka om arbeidet

AU var samla utan kyrkjevevja for denne saka, og vedtok fylgjande forslag til vedtak for soknerådet. Kyrkjevevja vart orientert om vedtaket etter at det var fatta.

**VEDTAK i AU:**

AU foreslår at ny løn for kyrkjevevja gjeldande frå 1. mai 2021 blir kr 587.000. Dette er ei auke på 2,1 % som utgjer kr 12.000.

**Forslag til VEDTAK i SR:**

Ny løn for kyrkjevevja gjeldande frå 1. mai 2021 blir kr 587.000.

**VEDTAK i SR:**

Som føreslege.

**SR-sak 06.21 SR****Årssamtale med prosten**

MG

Her er stikkord til samtala med prosten, utarbeidd av prost og sokneprest i fellesskap:

1. Ansvarsfordeling mellom sokneråd, stab og prest i korona-tida og elles.
2. Korleis kan gode rutinar for evaluering heve kvaliteten på arbeidet vårt?
3. Aktuelt i kyrkja i Kviteseid, i prostiet, i bispedømmet og sentralt. Ei informasjonsutveksling.

**Referat:**

Kviteseid driv veldig bra. Mykje er på stell. God drift, forvaltning, økonomi, trusopplæring og diakoni.

Vidare ref. punkta over her.

1. Litt historie: Dei fyrste sokneråd i Noreg blei starta i 1920. Ny Kyrkjelov kom i 1996 med mellom anna etablering av fellelråd. Prestane heldt fram 'under kongen' til kyrkja

vart lausriven frå staten og rettssubjektet Den norske kyrkja vart etablert frå 1.1.2017. Under pandemien nå sa regjeringa at 'alle arrangement skal ha en lokal smittevernleder'. Etter kvart har kyrkja fått avklart at

- a. soknepresten er ansvarleg for alle gudstenester og kyrkjelege handlingar, medan
  - b. soknerådet (kyrkjevevja til dagleg) er ansvarleg for alle andre tiltak som trusopplæring, konfirmantarbeid ++.
  - c. To område har delt ansvar:
    - i. Tidspunkt for seremoni og gravferd
    - ii. Fastsetting av tidspunkt for konfirmasjonsgudsteneste. Dette er aktuelt kvart år, men ekstra nå i pandemien. (sjå siste sak, Eventuelt, på dette møtet)
2. Gode rutinar for evaluering kan heve kvaliteten på arbeidet. Det er generelt lite system for evaluering i kyrkja. Staben har gjerne korte, små, sporadiske evalueringar av enkeltarrangement, men desse når sjeldan soknerådet. Skrifteleg, kort evaluering er smart. Trusopplæringstiltak blir alltid evaluert. Kanskje kan kvart utval evaluere seg sjølv eller bli evaluert når dei møter soknerådet ilt perioden. Korte/små skriftelege evalueringar er særleg nyttig når dei vert henta igjen ved planlegging av neste arrangement. Utan evaluering kan ting i verste fall bli verre og verre og til slutt opphøyra.
3. Nokre lokale enkeltsaker:
- a. Forholdet mellom kyrkja og Misjonshuset i Kviteseid: Misjonshuset er i ein prosess om framtida og snakkar nå innbyrdes meir ope om forholdet til kyrkja.
  - b. I håp om å omfamna fleire unge familiar, er det som ei prøveordning nå i vår sett opp fast familiegudsteneste kvar fyrste sundag i månaden i Kviteseid
  - c. I statistikkarbeidet no, er det laga ein detaljert oversikt over alle frivillige i kyrkjelyden/soknet. Vi hadde siste år om lag 210 personar som deltok frivillig med ulike oppgåver i soknet (på gudsteneste, diakoni, trusopplæring og anna)
  - d. Ny trusopplærar begynner å koma inn i arbeidet. Mellom anna er han med på nyetablert speidargruppe som er eit samarbeid mellom kyrkja og Misjonskyrkja (Betel). Over 20 born frå 5.-7- kl. deltek. Det er og interesse for småspeidar.

Frå Prostiet: «Ønsket og Elsket» har etablert seg i den gamle leikebutikken i Brøløsvegen i Seljord (under kyrkjekontoret). Dei held på med å byggja opp eit nasjonalt kompetansesenter for kyrkjeleg ungdomsarbeid. Ungdommane deltek. I samarbeid med MF blir det etablert ein nasjonal organisasjon. Til dette er det tilført midlar frå bispedøme til ei 50 % prosjektstilling for 3 år. Seinare skal denne stillinga betalast av bispedøme som er interessert i å vera med.

Nasjonalt er det spennande å fylgje arbeidet med ny kyrkjeordning. Hovudkomiteen samlar arbeidet i mars 2021, og sender forslag ut på høyring i september. Så skal kyrkjerådet handsama saka før kyrkjemøtet som kyrkja sitt øvste organ gjer vedtak i mars 2022. Då får vi avklaring på kvar eit samla arbeidsgjevaransvar blir (felles for prestar og fellesråd). Ny kyrkjeordning kan då gjelda frå 1.1.2024

Pandemien og restriksjonar: Biskopen ber oss vera kreative med tanke på gudstenester vidare. Lag gjerne noko ute for heile familien. I vårt sokn planlegg vi no for to gudstenester ute viss det ikkje vert opna for minst 50 inne i kyrkja. (Brunkeberg 31.1. og Kviteseid 7.2.)

Spørsmål som prosten tek med seg vidare: Går det an å koordinere frisøndagane i nærleiken her, slik at ikkje mange kyrkjer har same sundag utan messe?



<b>SR-sak 07.21 SR</b>	<b>Dato for soknemøtet (årsmøtet)</b>	MG
<p>Soknemøtet er soknet sitt årsmøte og soknet sitt høgste organ. Der vert soknerådet si årsmelding/rapport og årsrekneskap lagd fram til orientering. Enkelte saker som liturgi og anna, skal og leggjast fram for soknemøtet.</p> <p>Dato for soknemøtet er foreslått til 21. mars, etter gudstenesta i Kviteseid. Agenda for soknemøtet vert utarbeidd til soknerådsmøtet 3. mars og offentleggjort etter det. Årsmelding og årsrekneskap (ikkje revidert) vert lagd fram for SR 3. mars for vedtak.</p> <p><b>Forslag til VEDTAK i SR:</b> Soknemøtet for Kviteseid sokn vert i Kviteseid kyrkje søndag 21. mars, rett etter gudstenesta.</p> <p><b>VEDTAK i SR:</b> Som føreslege.</p>		
<b>SR-sak 08.21 SR</b>	<b>Komité og stad for konfirmantfest</b>	MG/ML
<p>Konfirmantfesten for årets konfirmantar skal etter planen vera 2. mai. Vi treng ein komité som saman med sokneprest og trusopplærar kan vere med på å finne ein eigna stad og fylle festen med godt innhald.</p> <p>Handsaming: Dato må endrast ved behov. I 2020 vart festen avlyst. I år er det 22 konfirmantar. Saman med 2 foreldre frå kvar heim, vert det for mange med '50-regel'. Komité vert ansvarleg for det praktiske som lokale og matserving. Prest og trusopplærar har vanlegvis vore ansvarlege for innhaldet i festen. Det går an å ha festen same dag som samtalegudstenesta er planlagd (2. mai), sjølv om konfirmasjonen vert utsett. (sjå SR-sak 10/21)</p> <p><b>VEDTAK</b> Komitè med ansvar for det praktiske, inkl.smittevern: Marit Gotuholt, Dagfinn Køhn, Sigrun G. Moen og Marit Sørby. Marit G kallar inn.</p>		
<b>SR-sak 09.21 SR</b>	<b>Årsmelding frå prostidiakonen</b>	MG
<p>Prostidiakon Eilev Erikstein sin <a href="#">årsrapport for 2020</a> er lagt ut på nettsida vår under 'Soknerådet' og 'Diakoni'. <i>Den ligg og ved sakspapira her.</i> Fysiske møte har det naturlegvis blitt litt færre av dette året, men desto fleire telefonsamtalar.</p> <p>Her er eit utdrag som listar opp det som er gjort i Kviteseid:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Eilev har hatt 40 samtalar i Kviteseid i 2020.</li> <li>• Delteke på Diakonidag i Kviteseid kyrkje og Helgemesse same stad.</li> <li>• Andakt på eitt føremiddagstreff på Misjonshuset.</li> <li>• Saman med ordførar Bjørn Nordskog vore ute og møtt folk på kafèen i Vrådal og Waldenstrøm.</li> <li>• Forretta i tre gravferder.</li> <li>• I lag med miljøarbeidar på Kvitsund Gymnas leia "Guys – Group" 3 gonger med 20 deltakarar.</li> <li>• Delteke på eit diakoniutvalsmøte.</li> <li>• Vore med på vegleiingskveld for Besøkstensta i Kviteseid.</li> <li>• Tre Etisk Refleksjonsamlingar på KOS. To samlingar for Heimesjukepleia.</li> </ul>		

- Delteke på tre samlingar i gruppa Optimistane, ei gruppe for dei som har kreft/ tre samlingar med 39 deltakarar.
- Saman med soknepresten leia ei Leva- vidare gruppe (2 gonger med 8 deltakarar)
- Delteke på markering av Verdsdagen for psykisk helse på Kviteseid skule i oktober.
- Delt tankar på Allehelgenskonsert i Kviteseid kyrkje 8.nov

Referat frå Årsmøte i Diakonatotet 22.nov. 2020 vart ikkje med innkallinga, men vert sendt ut saman med referatet.

### **Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet takkar for årsmeldinga og for det arbeidet prostidiakon Eilev Erikstein har gjort i 2020.

Diakoniutvalet skal i gang med å oppdatere vår diakoniplan.

Leva-vidare-gruppe har vi hatt to av det siste året: Våren 2020 var det to samlingar med 8 deltakarar, og seint på året vart det starta ei ny gruppe.

**SR-sak 10.21 SR**

**Eventuelt**

**MG**

1. **Prostirådet** har i 2020 hatt eit møte. Soknerådet etterlyser referat frå det. Årsmelding frå “Ønsket og Elsket” kan og godt lagast og sendast ut.
2. **Dato for konfirmasjonane i 2021:** Prosten opplyste om at fleire allereie vurderer å utsette årets konformasjonar til hausten. Hjørdal har gjort det, og biskopen har opna for det. Det er soknerådet som er ansvarleg for å fastsetje dato for konfirmasjonane, men det kan delegerast. Det er viktig å involvere konfirmantforeldra. Soknepresten vil difor ha eit møte med konfirmantforeldra og konfirmantane i slutten av januar om saka, og ta det vidare til staben. Soknerådet vert orientert i ettertid.

### **VEDTAK:**

Soknepresten får fullmakt til å fastsetje dato for årets konfirmasjonar etter samråd med konfirmantforeldra og staben.

Komande SR i 2021 er 3. mars, 14. april, 2. juni, 25. august, 6. oktober og 17. november